

KULTURMINNEPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE – HØYRINGSTILSVAR

Høgafjell Sør Grunneigarlag(HSG) ser med ei viss undring at vegen Grøttå – Heggebotn ikkje er teke inn i Kulturminneplanen.

Vegen står som eit monument over ei tid og eit folk der pågangsmot og framtidstru var styrande. Teknisk er delar av den i nærleiken av eit mesterverk. Utan skjøtsel og bruk vil den forfalle og bli borte. Vi ber om at vegen Grøttå – Heggebotn med sideveg til Hesjedalen vert innarbeid i alle delar av planen.

Skildring

Vegen Grøttå – Heggebotn/Hesjedal

Denne vegen burde sjølvsagt forlengst vore dokumentert og sikra som det tekniske kulturminne den er. Den går opp stupet frå Grøttå og endar i Heggebotn med ein sideveg opp til Hesjedalen bruk 1 og 2. Den blei påbegynt i 1909, og det tok ca 55 år å fullføre strekningane. Mykje av arbeidet blei utført av bygdefolket sjølve som såkalla pliktarbeid, dvs kvart bruk vart pålagt ei viss mengde dagsverk vegarbeid pr år.

I dag føregår ein anna type dagsverk på vegen som dugnadsarbeid av grunneigarar og hytteeigarar. Fleire tusen timar er utført dei siste åra for å halde strekninga Heggebotn – Grøttå i farbar stand. Vaksdal kommune er formell eigar av vegen, men har vist lita interesse for ivaretaking og vedlikehald. Den mest særmerkte strekninga på vegen er opp stupet frå Grøttå til Sætre. På ein stad kalt Høgaløypet er årstalet 1911 rissa i berget.

Det er mao i år 104 år sidan vegen i alle fall var ferdig frå sjøen og opp hit. Denne delen av vegen vil om få år være uframkommelig om ikkje den blir sikra og vedlikehalde. Den bør ha minst like høg status som teknisk kulturminne som eks Kossdalsvegen som er vel ivaretatt lenger vest på Osterøy. Langs vegen står/sto meir enn 1000 stabbesteinar.

Den eldste vegen frå Grøttå

Det fantes sjølvsagt ein eldre kløv/gangveg opp frå Grøttå. Denne kan ein framleis gå opp juvet på nordsida av elva, langs denne mot Kvednhusdalen og så bratt opp til eit punkt der den møter dagens veg.

mvh

For laget

Finn Fossmark(sign)
skrivar